

Forprosjekt
29. januar 2015
Revidert 20. mars 2018

Fossesenteret

Nasjonalt senter for verna vassdrag
Senter for formidling av kunnskap om vatn internasjonalt



Nasjonal Turistveg si vakre gangbru over Likholefossen på Gaularfjellet. Utanfor venstre biletkant ligg tomte som er regulert for Fossesenteret. På høgre sida startar Fossestien.

«Lignende landskap som den særegne, norske vassdragsnaturen finner en kun i New Zealand, i den sørlige delen av Chile og i Alaska, jfr. utredningen «Verdien av norsk vassdragsnatur i internasjonal sammenheng» (Universitetet i Oslo, 1992). Ved siden av fjordene er vassdragsnaturen trolig det mest spesielle og særmerkte med norsk natur sett i et globalt perspektiv. I tillegg til det nasjonale har Norge derfor også et internasjonalt ansvar for å verne vassdrag og på andre måter ta vare på vassdragsnaturen»
(Stortingsmelding nr. 60 – Samlet Plan for vassdrag 1991-92)

Innhald

1. Samandrag	3
<i>KVIFOR ?</i>	3
<i>KVAR ?</i>	3
<i>KVA ?</i>	4
2. Bakgrunn	5
<i>Verneplanar for vassdrag</i>	5
<i>Kvifor eit Nasjonalt senter for verna vassdrag?</i>	6
<i>Styrkje og formidle vernet</i>	6
<i>Kvifor lagt til Gaular ?</i>	6
<i>Heilskapen – ei reiselivsmessig kraftpakke</i>	7
<i>Fossesenteret – nasjonalt, men også internasjonalt</i>	8
3. Utstillingsinnhald	9
<i>Prinsipp for utstillingar og formidling i Fossesenteret</i>	9
<i>Eitt forslag: utstillingsarkitekt Pål Thomas Sundhell sitt arbeid</i>	10
4. Fagleg dokumentasjon – vern og utvikling	16
5. Målgrupper og besøkstal	17
6. Moglege interessentar i Fossesenteret	18
7. Bygget	22
8. Kostnader og finansiering	24
9. Drift	25
10. Organisasjon	26
11. Vedlegg	27
A. <i>Teikningar av bygget, Arkitekt Arild Wåge, Nordplan</i>	27
B. <i>Grovkalkyle bygget, Nordplan</i>	27
C. <i>Skisser til utstillingsinnhald 2010, utstillingsarkitekt Pål Thomas Sundhell</i>	27
D. <i>Mandat frå Gaular kommune</i>	27
E. <i>Vedtak om stadval Gaular kommune</i>	27
F. <i>Intensjonsavtale med UWC Røde Kors Nordisk</i>	27

1. Samandrag

Bygg eit Nasjonalt senter for verna vassdrag!

Tilråding frå arbeidsgruppa

- Ei arbeidsgruppe oppnemnd av Gaular kommune foreslår i dette forprosjektet å bygge eit nasjonalt senter for verna vassdrag, ved Gaularvassdraget, i Gaular kommune i Sogn og Fjordane.
- Hovudansvaret for dette må nasjonale myndigheiter ta, saman med regionale og lokale myndigheiter, og ev. saman med andre interessentar.
- Senteret bør vere eit opplevings- og formidlings-senter mot publikum, men òg eit fagleg dokumentasjonssenter for dei verna vassdraga.
- Arbeidsgruppa foreslår at senteret skal ha ein del som formidlar kunnskap om vatn med eit internasjonalt perspektiv. Både om vatnet si betydning historisk, og aktuell informasjon om vatn som ressurs og konfliktema i dag og i framtida.
- Vi legg fram skisser til bygg og utstillingsinnhald med finansieringsplan, samt plan for drift og organisering.

KVIFOR ?

- Stortinget har vedteke fire verneplanar for vassdrag. Den verna norske vassdragsnaturen er eineståande i verdssamanheng. I Europa elles er denne typen natur i ferd med å bli mangelvare. 388 vassdrag – heile eller delar – er no verna mot kraftutbygging.
- Stortinget bør legge føringar for, og vassdrags- og miljøstyresmaktene må samarbeide om, å lyfte fram kvalitetane og opplevingsverdiene i dei eineståande verna vassdraga i landet. Dette kan gjerast gjennom eit nasjonalt senter, knytt til eit av dei mest besøkte vassdraga.
- Klima- og miljødepartementet som forvaltar dei andre verneområda, har lang tradisjon i å formidle kunnskap om desse. Dei verna vassdraga høyrer inn under Olje- og energidepartementet, som manglar rutinar for slikt arbeid. Dei to departementa må difor samarbeide om saka.

KVAR ?

Området ved Gaularvassdraget, i Gaular kommune i Sogn og Fjordane, er særst godt eigna:

- Rapportar utarbeidde i samband med "Samla plan" viser at Gaularvassdraget er det fremste type- og referansevassdraget på Nord-Vestlandet.
- Nordisk ministerråd prioriterte Gaularvassdraget mellom dei viktigaste i Norden.
- Gaularvassdraget kjem frå bre, har 29 fossar, og renn gjennom levande bygdesamfunn med landskapsvernområde. Elva er eit nasjonalt laksevassdrag med Noregs eldste laksetrapp og naturreservat ved utlaupet – før ho renn ut i den nasjonale laksefjorden Dalsfjorden med den verna sideelva Laukelandsfossen.

- Gaular kommune har bestilt dette forprosjekt ferdig i løpet av 2014. Prosjektet er støtta av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane samt Statens Vegvesen, Nasjonale Turistvegar (NT).
- Reguleringsplan for senteret er godkjend av Gaular kommune.
- NT er representert i arbeidsgruppa og har gjeve tilsegn om 3 millionar kroner til senteret.
- I 2016 opna NT sin andre store attraksjon på Gaularfjellet, Utsikten. Saman med den særmerkte brua over Likholefossen, bygd i 2005, er turistvegen i ferd med å nå den nasjonale klassen den skal ha. Nasjonalt senter for verna vassdrag skal ligge i nær tilknytning til brua.
- Brua over fossen er ein av fleire stader der ein kan kome inn på "Fossestien" – med 21 km tilrettelagd vandreveg langs Gaularvassdraget.

KVA ?

Senteret, med marknadsføringsnamnet Fossesenteret, skal tene fleire oppgåver:

- Hovudoppgåva vert å formidle kunnskap om den verna vassdragsnaturen.
- Ein del av senteret skal formidle kunnskap om vatn internasjonalt.
- Det skal vere eit knutepunkt for ferskvassforskning i eit samarbeid med høgskule/universitet/internasjonale forskingsmiljø.
- Undervisning med spenn frå barnehage og leirskule til internasjonal utveksling.
- Det skal vere eit fyrtårn for reiselivet. Saman med satsinga på den nasjonale turistvegen over Gaularfjellet og nærleik til turiststaden Balestrand i Sogn, vil dette kunne bli ei reiselivsmessig kraftpakke.

2. Bakgrunn

I Stortingsmelding nr. 60 – Samlet Plan for vassdrag 1991-92 er dei norske vassdraga sett inn i ein global samanheng: «Lignende landskap som den særegne, norske vassdragsnaturen finner en kun i New Zealand, i den sørlige delen av Chile og i Alaska, jfr. utredningen «verdien av norsk vassdragsnatur i internasjonal sammenheng» (Universitetet i Oslo, 1992). Ved siden av fjordene er vassdragsnaturen trolig det mest spesielle og særmerkte med norsk natur sett i et globalt perspektiv. I tillegg til det nasjonale har Norge derfor også et internasjonalt ansvar for å verne vassdrag og på andre måter ta vare på vassdragsnaturen [...] For Norge er det å ta vare på helhetlige landskaper og økosystemer en stor utfordring som må karakteriseres som en viktig oppgave i internasjonal naturvernsammenheng. I Europa er urørte vassdrag og intakt villmarksnatur nå etter hvert nesten begrenset til de rester som ennå finns i Norden. Her er det Norge som har det største spekteret både i mangfold, variasjon og størrelse på vassdragene. Det knytter seg store internasjonale verdier til slike urørte vassdragssystemer. Norge har derfor et spesielt ansvar for å ta vare på denne vassdragsnaturen»

Verneplanar for vassdrag

Vasskraft har vore ein av grunnsteinane i den norske velferda. Rimeleg kraft var ein føresetnad for å byggje opp att landet etter krigane på 1900-talet. Etter kvart melde også andre interesser seg med omsyn til elvar og fossefall. Det vart litt etter litt politisk forståing for at også andre sider ved elvenaturen i Noreg hadde verdier som landet måtte ta vare på. Det vart utarbeidd verneplanar der heile elvestrekningar eller deler av desse vart verna mot kraftutbygging. Stortinget har vedteke fire verneplanar og supplert desse to gonger slik at til saman 388 vassdrag eller delar av vassdrag er verna mot kraftutbygging. I samband med Verneplan I fastsette Stortinget desse kriteria for val av vassdrag til verneplanane:

- Variasjon med omsyn til verneinteresser
- Ulike storleikar
- Fordeling på landsdelar
- Prioritering av sentralt lokaliserte vassdrag (bynære)
- Ta vare på verneverdiane også mot andre inngrep enn kraftutbygging

Vern av vassdrag er i fyrste rekkje eit vern mot kraftutbygging. Det kan difor ikkje oppfattast som eit områdevern på line med vern av nasjonalparkar, naturreservat og landskapsvernområde etter naturmangfaldlova (tidlegare naturvernlova). Vassdragsvernet omfattar vassdraget sitt totale nedbørsfelt og ved forvaltning av verna vassdrag vil det vere særleg viktig å ta vare på verdiane knytt til vassystemet, areal nær vassdraga og andre område som har noko å seie for vassdraga sin verneverdi.

For å forvalte verna vassdrag har NVE utarbeidd ”Differensiert forvaltning av verna vassdrag”. Denne er samordna med dåverande Miljøverndepartementet sine ”Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag”.

Kvifor eit Nasjonalt senter for verna vassdrag?

Vernet av den norske vassdragsnaturen er eineståande i verdssamanheng. Oppstillinga ovanfor syner at det ligg omfattande arbeid bak vedtaka der Stortinget har fastsett kva vassdrag som skal vere med i verneplanane. Slik sett kan verneplanane for vassdrag samanliknast med vedtaka om å opprette nasjonalparkar og liknande. I motsetnad til fleire av nasjonalparkane som har sine senter der naturkvalitetane m.m. som ligg til grunn for vernet vert presentert, har dei 388 verna vassdraga ingen arena der kvalitetane deira vert presenterte for ålmenta.

Styrkje og formidle vernet

Den verna norske vassdragsnaturen er unik i verdssamanheng, og er difor ei internasjonal naturvernsak. Å verne natur byggjer på ei etisk grunnhaldning om at vi pliktar å levere vidare noko av jorda urørt, eller mest mogleg urørt, til komande generasjonar. Dette er det klassiske naturvernet. Seinare er ein òg kome til ei forståing om at det å ta vare på naturmangfaldet også har ein praktisk nytteverdi for menneska. Denne grunnhaldninga til naturvern finn ein i ulike filosofiske og religiøse verdssyn verda over. Dette kan òg finne sin plass i senteret. Ikkje minst er det viktig at dei haldningane som låg bak det store arbeidet med å verne vassdragsnaturen, frå ulike regjeringar, vert formidla til publikum og til nye generasjonar.

Kvifor lagt til Gaular ?

Vassdragsfaglege grunngevingar

Sogn og Fjordane står for 11 prosent av kraftproduksjonen i landet, og har 15 prosent av dei verna vassdraga, rekna i GWh. Gaularvassdraget kom med i Verneplan IV og fekk statusen sin 01.04.1993. Det var eit omfattande arbeid som låg bak vedtaket, og det var eitt av dei vassdraga det stod hardast strid om. Vassdraget var velegna til kraftproduksjon. Sogn og Fjordane fylke og Gaular kommune kunne ha fått store inntekter ved utbygging. Det vart difor lagd ned mykje tid og pengar for å få dette til. Samstundes vart det påvist andre store samfunnsinteresser knytt til at Gaularvassdraget vart skåna mot utbygging. I valet mellom desse to valde Stortinget vernet. I Vassdragsrapportane / Samla plan heiter det:

”Gaularvassdraget betraktes som det mest verdifulle vassdrag på det nordlige Vestland med hensyn til representativitet og referanseverdi” og ”Gaularvassdraget er av lokal, regional og delvis nasjonal / internasjonal betydning for friluftslivet.”

Andre grunnar enn dei reint vassdragsfaglege

Sidan slutten av nittitalet marknadsførte Indre Sunnfjord seg som ”Fosselandet” i reiselivssamanheng. Det er bygd ein 21 km lang ”Fossesti” langs Gaularvassdraget, rett forbi der Fossesenteret er tenkt bygd. Fossestien er i løpet av eit ti-år vorte ein svært mykje nytta tursti. I 2012 vart Nasjonal Turistveg Gaularfjellet opna, med sitt motto «Frå Sognefjorden til Fosseheimen». NT har bygd den kjende brua over Likholefossen, og opna i 2016 den spektakulære attraksjonen, Utsikten.

Det finst i dag ingen andre planar om eit liknande senter i Noreg. I oktober 2007 var arbeidsgruppa på synfaring ved Norsk vassdrags- og industrimuseum i Tyssedal (NVIM). NVE sin seniorrådgjevar Per Faugli, som då var observatør i styret ved NVIM, konstanterte at deira museum hadde lite fokus på vassdragsvern, og ynskte oss lukke til med våre planar.

Heilskapen – ei reiselivsmessig kraftpakke

“Fosseheimen – mellom bre og fjord”

I Sunnfjord samarbeider kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal om utvikling av reiselivsnæringa under regionnamnet Sunnfjord. Dette samarbeidet har formelt eksistert sidan 2003, og fram til 2012 under profilnamnet “Fosseheimen – mellom bre og fjord”. Også landsdelsselskapet Fjord Norge nemner Sunnfjord som ”Fosseheimen” i sin Fjord Norge Reiseguide. På si profilside ”Opplev fossene” skriv dei: «Du kan oppleve mer enn 50 fosser i ”Fosseheimen” i Sunnfjord, med over 20 km stier langs tre vassdrag. Rv 13 tar deg fra Sognefjorden til ”Fosseheimen”».

”Frå Sognefjorden til Fosseheimen”

Sidan starten på reiselivssamarbeidet i Sunnfjord i 1998 har Sunnfjord sin signatur vore først ”Fosselandet”, og frå 2003 ”Fosseheimen”. Endringa til Fosseheimen var inspirert av at Gaularfjellsvegen på denne tida vart peika ut som framtidig Nasjonal Turistveg. Til liks med dei andre 17 strekningane (plukka ut mellom 52 kandidatar på landsplan) skulle også Gaularfjellsvegen ha sitt unike tema. Dette vart fastsett til “Frå Sognefjorden til Fosseheimen”

Dei 18 Nasjonale turistvegane er i ferd med å bli ein kraftig reiselivsattraksjon for Noreg, og vert det i endå større grad når dei er ferdig utvikla. Langs Gaularfjellsvegen er det gjort mykje for å gje ei betre køyreoppleving. Utsikt er rydda, rasteplassar er bygde, skiltinga er god, og det er kome lange strekningar med betre vegdekke. Like viktig er dei unike arkitekturperlene langs vegen. Dette er dei nasjonale turistvegane sitt fremste kjennemerke, slik også langs Gaularfjellsvegen. Den første, brua over Likholefossen, var ferdig i 2005. Den andre store attraksjonen er Utsikten, som vart offisielt opna i 2016. Det tredje prosjektet er også knytt til vatn, eit kunstprosjekt der det laga ein brønn med handpumpe. Dette prosjektet vart gjennomført i samarbeid med UNICEF og Malawi. Fleire prosjekt er planlagde.

Eit Nasjonalt senter vil saman med Nasjonal Turistveg, og lokale tiltak, vere ei reiselivsmessig kraftpakke, med turistbygda Balestrand i den ein enden av vegen og fylkessenteret Førde i den andre enden.

Marknadsføringsnamnet til senteret bør vere Fossesenteret, også i form av skilting på nybygg. Dette namnet viser til den etablerte merkevara Fosseheimen, og knyter an til Nasjonal Turistveg Gaularfjell sitt tema ”Frå Sognefjorden til Fosseheimen”.

Fossesenteret – nasjonalt, men også internasjonalt

Vatn er eit stadig meir aktuelt tema internasjonalt. Fossesenteret vil vise vatnet som formar av historia og som ressurs og kjelde til konflikt no og i framtida. Professor Terje Tvedt, kjend for sine bøker og TV-seriar om vatn, gav i møte med arbeidsgruppa råd om at senteret burde formidle kunnskap om vatn med eit internasjonalt perspektiv. Gjennom bøkene *En reise i vannets historie* (1997) og *En reise i vannets fremtid* (2007), viser Tvedt vatnet si betydning som skapar, øydeleggjar, premissgjevar for samfunn og strukturar, både i fortid, notid og framtid. Tvedt fortel om aukande behov for og dermed knappheit på vatn som ressurs, og dermed konfliktpotensialet dette har i tiåra som kjem. Eit Nasjonalt senter for verna vassdrag som også inneheld ein utstillingsdel vigd til spørsmål om vatn verda over, vil ha både eit nasjonalt og eit internasjonalt publikum.

Fossesenteret skal difor vere to ting: eit nasjonalt senter for verna vassdrag, og også eit senter for formidling av kunnskap om vatn i et internasjonalt perspektiv.

Eit nasjonalt senter for verna vassdrag bør, informere om

- Namn, geografisk plassering, basisopplysningar om alle 388 verna vassdraga
- Kort om kvifor dei er verna
- Kort om korleis dei er verna, kva dei er verna mot
- Dei mest kjende fossane og vassdraga i Noreg
- Gaularvassdraget (og fossane her) skal særskilt presenterast

NVE har god oversikt over dei verna vassdraga, m.a. på sine nettsider. Men det trengs mykje tilrettelegging av denne informasjonen for at den skal bli spanande for publikum. Med vidare tilrettelegging er dette ein del av den grunnleggjande informasjonen som må finnast i senteret (sjå skisser nedanfor).

Som senter for formidling av kunnskap om vatn i eit internasjonalt perspektiv, bør Fossesenteret informere om

- Vatnet i historia – skapar av sivilisasjonar, føresetnad for liv.
- Mesopotamia, Kina, Nilen, Noreg
- Vatnet i dag og i tida som kjem
- Illustrasjonar av vatnet som (knapp) resurs, status(problem) og løysingar
- Arbeidet innanfor Europeiske vassregionar
- Nokre av verdas mest kjende fossar og vassdrag

3. Utstillingsinnhald

”Det er ikkje vatn verdt” er eit uttrykk brukt i Sunnfjord, om noko av liten eller ingen verdi. Uttrykket har nok oppstått fordi det ein har i overflod misser sin verdi. Ein nomade i ørkenen i Sahara ville nok ha vondt for å forstå kva det tyder. – Det er på tide å gje vatnet vårt ny verdi gjennom eit nasjonalt/internasjonalt senter på Gaularfjellet.

Prinsipp for utstillingar og formidling i Fossesenteret

1. Fossesenteret (FS) skal gje omfattande og god informasjon om dei 388 verna vassdraga i Norge.
 - a. Namn, geografisk plassering, basisopplysningar om alle 388 verna vassdraga
 - b. Kort om kvifor dei er verna
 - c. Kort om korleis dei er verna, kva dei er verna mot
 - d. Dei mest kjende fossane og vassdraga i Noreg
 - e. Gaularvassdraget (og fossane her) skal særskilt presenterast
2. FS skal vere eit senter for kunnskap om vatn internasjonalt.
 - a. Vatnet i historia
 - Mesopotamia, Kina, Nilen, Noreg
 - b. Vatnet i dag og i tida som kjem
 - Illustrasjonar av vatnet som ressurs, status(problem) og løysingar
 - c. Arbeidet innanfor europeiske vassregionar
 - d. Nokre av verdas mest kjende fossar og vassdrag

3. Formidlingsmetodar:

Det finst mange måtar å formidle eit tema på, som faste tekstar og bilete, tablå og formidling ved hjelp av interaktive dataskjermar. Vi har talrike døme på dette.

Det islandske selskapet Gagarin utviklar t.d. spesialdesigna «teknologiske tablå» og andre interaktive metodar, m.a. nytta på Breheimsenteret i Jostedalen og Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet i Askvoll.

Vidare kan ein formidle gjennom dramatisering eller historieforteljning, som på Vitensenter Innland.

Eit prinsipp nytta på mellom anna Jærmuseet er dynamisk formidling, der ein legg vekt på læring gjennom deltaking – jamfør det kinesiske ordtaket «*Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår*».

Utstillingane i Fossesenteret kan utformast slik:

- a. I form av utstillingar ved hjelp av:
 - moderne teknologi (døme Gagarin)
 - to typar skjermar – store dataskjermar, ev. projeksjon
 - i. Fast informasjon av typen oversikt, dei store linjene
 - ii. Finn informasjon, eks finn verna vassdrag i ditt fylke, din kommune

- store bilete (eks tapetsert på vegg), roll-up, plakatar osv.
 - film (Eks. frå Tvedt sine seriar)
 - ev. klassiske tablå (Eks Sundhell)
 - stasjonar med skjermar der folk kan bla sjølve
- b. I form av deltakande aktivitetar:
- eks. handpumpe opp vatn som renn ned i ein dam, der du må løyse ut vatnet, som så driv ein fossefall.
4. Utstillingane og formidlinga skal vere i utstillingsområdet som er:
- a. I og ev. ved nytt bygg
 - b. På og ved Fossestien, inkludert NT si bru over Likholefossen og nærområdet

Eitt forslag: utstillingsarkitekt Pål Thomas Sundhell sitt arbeid

Som grunnlag for val av tema og som døme på måtar å presentere ei utstilling på, har ein det fyldige dokumentet som utstillingsarkitekt Pål Thomas Sundhell laga i 1995/96 og reviderte og tilpassa vårt prosjekt i 2010. Over nesten 90 sider finns det eit godt organisert, kreativt og gjennomtenkt forslag til tema og utstillingsinnhald. Arbeidet er knytt til eit tidlegare oppdrag, og er såleis ikkje ein direkte del av dette forprosjektet, men står seg framleis svært godt som illustrasjon på mangfaldet og rikdommen dette temaet har.

Utfordringa når utstillinga skal utformast er å avgrense seg i val av tema og presentasjonsformer, samt å kunne ha økonomi til skiftande tema og utstillingar. Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av arbeidet til Sundhell.

Sundhell sitt forslag til introduksjon, før ein kjem inn i sjølve senteret:

- Film mot ”vannduk” – estetisk, krev di merksemd.
- Ei datamaskin viser alle dei verna vassdraga – søk deg fram til kva som helst vatn, foss, vassdrag. Film og fakta.
- Naturen sitt blodsystem – eit stort norgeskart med alle vassdraga teikna inn, saman med eit menneske med heile blodåresystemet. Visuelt blikkfang (sjå ill.).

Ei noko nedkorta oversikt over Sundhell sitt forslag til tematisering:

1. ”Den blå planeten”

- Oversikt. Hav, sjø, isbrear. Vatn som opphav til alt liv osv.
- Flytande modell av jordkloden – fordeling av vatn på jordkloden
- Vatnet i mennesket si historie – mange plakatar over den flytande jordkloden
- Dei største fossane og vassdraga i verda
- Vatnet sine magiske eigenskapar – når det frys, tyngst ved +4 C

2. Naturfaglege verdiar

- Vatn i overflod – refleksjon
- Fritt rennande vatn – drikkefontene – kor viktig er denne verdien

- Kva er eit vassdrag – frå kjelde – myrar – bekkar – elvar – fossar – vatn – havet
- Landskapsverdiar – Noreg kupert og langstrakt – ulike vassdragstypar
- Landskapsforming – pedagogisk modell
- Vatnet transporterer og formar – modell
- Dråpen som utholar steinen – vatn som formar fjell
- Vegetasjon og dyreliv langs og i vassdraga
- Fire årstider langs vassdraga

3. Utbygging og vern

- Kvifor vern av vassdrag – har Noreg nok vassdrag? – fossar som er vekke
- Vasskraftutbygginga er fienden? Montasje med enkel skovl.
- Historie om vasskraftutbygginga – Vatn = elektrisk kraft
- Lokale småkraftverk historisk – tablå
- Pionertida – fallrettar – fossespekulantar – nye industristader
- Gjennoppbyggingstid – ingeniørane si stordomstid
- Høgfjellsmagasin
- Folkerørsler og sivil ulydnad: Mardøla – Alta
- Kampen om Gaula – fallrettane kjøpt alt i 1918
- Om Gaula vart utbygd – her kan ein få folk ut i terrenget
- Tid for vernarbeid – NVE – verneplan 1 – 4
- Utvikling av vernekriteria
- Forvaltning av dei verna vassdraga
- Nye tider nye utfordringar – nye energikjelder

4. Næringsbruk i vassdraga

- Tradisjonell bruk av vassdraga – drikkevatt, kvern, sag
- Kvern, mølle og oppgangssag – montasje og modell
- Tømmerfløyting og tømmerfløytarane – tablå
- Dam, renner, kanalar og sluser
- Laksevassdrag og lakselordar (første laksetrappa i Noreg bygd i Osfossen)
- Fangstreiskap for laks, tradisjonell laksefangst
- Laksetrapper
- Bruk av vassdraget i dag
- Vassdraget som leikegrind – padling, rafting, klatring, bading

5. Kunst og kulturhistorie

- Segner og eventyr – tablå og montasje: Heilag Olav reid over Harpefossen – Kjerringa mot straumen – Tor grip etter laksen – dødsstraff
- Bildekunsten – nasjonalromantikk – miljøpolitisk – ei mengde fossar
- Folkemusikk – diktning – store internasjonale og nasjonale verk


6. Reiseliv og turisme

- Tablå del 1 – hestekjerre på slutten av 1800 talet
- Tablå del 2 – hestekjerre ved fossen i Briksdalen
- FOSS – ISBRE - FJORD: Turismen sitt sikraste trekløver

7. ”Fosselandet” (no: ”Fosseheimen”)

- Fossane i Noreg – ei mengd, men dei er individ
- Laukelandsfossen – Kjosfossen – Låtefossen – Vettisfossen – Sarpsfossen - Dei sju søstrene – Beyerfossen (Akerselva – midt i byen)

Nokre av illustrasjonane til Sundhell:




INTRODUKSJONSOMRÅDE før betalsonen

003


NATURENS "BLODSYSTEM"

Et stort Norgeskart med alle vassdrage-
gene inntegnet vises sammen med
fremstilling av et menneske med hele
blodåresystemet.

Dette skal bare fremstå som et visuelt
blikkfang, men samtidig vise hvor viktig
vassdragsnaturen vår er – for hele
økosystemet, som for oss mennesker!




Plantegning
Innredningsprinsipp
med vannrenne



Vannrenneprinsipp

Vassrenneprinsipp gjennom heile utstillingsområdet.

Inne i sjølve utstillingsområdet har Sundhell lagt opp til tema, der eit tablå er eit visuelt og miljøskapande element til kvart tema. Gjennom heile området ser han for seg vassrenner, med innlagte element som inviterer til deltaking frå publikum.



Illustrasjon og rettleiing til temaet ”Den blå planeten”

1 DEN BLÅ PLANETEN

105

JORDENS STØRSTE FLODER OG FOSSE

VIDEO

Vi må vise et utvalg av jordens mest imponerende vannveier og voldsomme fossefall.

Dette må vises med levende bilder – det vil si på en interaktiv skjerm. Og den besøkende skal selv kunne velge hva som skal vises.

5 KUNST- OG KULTURHISTORIE


501

SAGN OG EVENTYR

TABLÅ

De store fossefallene i vassdragene må ha vært skremmende naturfenomen for folk før i tiden, som levde så tett innpå naturen – og som trodde på tusser og skrømt... Fossen durt og gikk med overveldende og ukontrollerte krefter. En storm gikk over, et uår likeså. Men fossen var et konstant skremmebilde!



En måtte riktignok utfordre fossen for å oppleve faren, men om nettopp det handler mange av sagnene og mytene knyttet til fossen. Det kan være en aktiv aktør som helten i de mange fossespranghistoriene. Eller fossen kunne bare være dramatisk scenografi, som i eventyret om De tre bukkende bruse, eller i historien om fossegrimen.



502
SAGN OG EVENTYR
MONTASJE

Synd er det på et vis at vi i dag er altfor nøkterne og kyniske til å la oss forføre av slike aldeles usannsynlige myter og historier. Men i senteret skal vi samle og formidle mye av denne arven fra våre forfedre. Og særlig egner dette temaet som dramatisering mot barn!

Mytene, sagnene og historiene knyttet opp mot fossene er mangfoldige. Vi viser her bare et lite utvalg. Men som tillegg kan nevnes at en henrettelsesmetode var å hive den dødsdømte forbryter i fossen. Det skulle være en ekstra gruffull død!



4. Fagleg dokumentasjon – vern og utvikling

Kva vassdrag som er vorte verna, har vore avgjort utifrå fleire kriterium: dei skulle finnast over heile landet og representere ei breidde og eit mangfald av vassdrag i landet, og det vart lagt vekt på at ein god del måtte finnast i område der det bur mykje folk.

Referanseverdi er eit viktig kriterium: *«For å kunne vurdere om virkningen av ulike typer inngrep og utslipp i vassdrag er forsvarlig, er det viktig å bevare et utval vassdrag mest mulig urørt. Disse kan tjene som målestokk på hvordan vassdrag kan endre seg over tid dersom naturlige prosesser får virke utan menneskelige inngrep. Slike vassdrag vil ha referanseverdi, og er i naturforvaltningssamanheng tillagt stor verdi» (St.meld.nr. 60 – Samlet Plan, 1991-92)*

Typevassdrag er eit anna viktig kriterium: *«Med bakgrunn i målsettingen om å bevare naturens variasjonsrikdom, har en i vurderingen av naturforvaltningsinteressene lagt vekt på å finne fram til vassdrag som kan representere ulike naturområder i landet. Med typevassdrag menes vassdrag som er typiske(representative) for et område» (St.meld nr.60)*

Vert vernet gjennomført etter lover, forskrifter og intensjonar? Kva skjer av aktivitet i og ved dei verna vassdraga? Det er kjend at det føregår, og er søkt om, mange mindre utbyggingar av kraftverk også i dei verna vassdraga. Er dette i tråd med vernetanken og med verneplanane?

Reiselivs- og næringsutvikling ved dei verna vassdraga

Stortinget har sagt at verneverdiane er større enn verdien av å bygge ut for kraftproduksjon i dei verna vassdraga. Kombinasjonen av at den norske vassdragsnaturen i Noreg finst få andre stadar i verda, og at såpass mange av vassdraga er verna, må gjere at dei har ein stor attraksjonsverdi. Lokalt i Gaular ynskjer ein å ta i bruk verneverdiane for å skape ei utvikling innanfor reiselivet og næringslivet generelt. Det same skjer truleg, i større og mindre grad, ved dei andre verna vassdraga, men finst i lita grad dokumentert. Fossesenteret bør samarbeide med NVE og andre, og samle og formidle dokumentasjon på kva som skjer i og ved dei verna vassdraga, når det gjeld lokal bruk og formidling av verneverdiane, i form av t.d. reiselivsverksemd.

5. Målgrupper og besøkstal

Arbeidsgruppa har i driftsbudsjettet lagt føre at det er mogleg å oppnå eit besøkstal på 13.000 årleg, dei første åra. Samanlikna med andre godt drivne senter i fylket er dette eit moderat tal som er mogleg å oppnå ved at:

1. Den reiselivsmessige kraftpakka som består av dette senteret, vidareutvikling av Nasjonal Turistveg og andre lokale attraksjonar vil gje auka trafikk over fjellet i sommarhalvåret. Dette vil gje grunnlag for eit godt sommarbesøk av turistar i senteret.
2. Nærleiken til turiststaden Balestrand, og til Sognefjorden generelt, er eit godt utgangspunkt for rundturar med buss. Det er allereie i dag nokre grupper som tek denne turen, men det manglar gode nok grunnleggande fasilitetar i form av servering og toalett. Senteret vil slik sett vere eit glimrande og naudsynt stopp-punkt som vil ha ein utløyssande effekt på bussgrupper.
3. Skuleelevar og studentar vil vere ei viktig målgruppe for senteret, jamfør m.a. intensjonsavtalen med UWC Røde Kors Nordisk. Å lage interessante opplegg for skular, høgskular m.v. vil vere viktig for å oppfylle formålet med senteret og vere ein del av grunnlaget for eit godt besøkstal.
4. Dei første åra vil det ”nysgjerrige førstebesøket” frå ein vid region vere ein del av publikum. Kvaliteten i senteret, og dynamikken i fornyinga av utstillingane, vil vere avgjerande for at senteret seinare vert nytta som besøksstad av lokalt publikum som tek med sine gjester hit.

6. Moglege interessentar i Fossesenteret

Klima og miljødepartementet, Olje- og energidepartementet og NVE

Leiar for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si avdeling for klima og miljø, Nils Erling Yndesdal, som har delteke i arbeidsgruppa, skreiv 12. mars 2012 på Fylkesmannsbloggen: *«Eg har sjølv vore med i diskusjonar og planlegging i den lokale gruppa som har arbeidd med planar om eit nasjonalt senter for verna vassdrag. Gruppa har hatt god støtte og oppfølging frå kommunen, fylkeskommunen, vegstyresmaktene sitt nasjonale turistvegprosjekt og frå reiselivsnæringa. Det har også vore mange møte og anna kontakt med departement og politiske nøkkelpersonar sentralt. [...] Formelt sett er det Olje- og energidepartementet og NVE (Noregs vassdrags- og energidirektorat) som har det overordna ansvaret for dei verna vassdraga. Eg meiner det er på høg tid at det i eit samarbeid mellom vassdrags- og miljøvernstyresmaktene vert satsa på meir marknadsføring av dei eineståande verna vassdraga våre!»*

Arbeidsgruppa sluttar seg til denne grunngevinga for kvifor dei to departementa og NVE bør vere hovudinteressentar i eit Fossesenter – eit nasjonalt senter for verna vassdrag.

NVE har god oversikt over dei verna vassdraga m.a. på sine nettsider. Med vidare tilrettelegging er dette ein del av den grunnleggande informasjonen som må finnast i senteret. Det må avklarast korleis NVE kan bidra til å gjere denne informasjonen tilgjengeleg for publikum i eit slikt senter. Det bør også vurderast om senteret kan bidra til å fylle dei behova NVE har for informasjon til publikum innafor beslekta fagfelt.

Statens Vegvesen, Nasjonale Turistvegar

Nasjonale Turistvegar har òg delteke i arbeidsgruppa. Dei har fleire interesser i senteret. NT ynskjer betre tilhøve for vegfarande turistar på vegstrekninga når det gjeld toalett, matservering, informasjon om turistvegane generelt og Gaularfjellsvegen spesielt. Dei er også interessert i at det vert fleire attraksjonar langs vegen i tillegg dei naturgevnene, dei arkitektonisk flotte punkta dei sjølve utformar, og dei lokale aktivitetane og attraksjonane. Dette har leia fram til at NT har gjeve tilsegn om inntil 3 millionar kroner dersom Fossesenteret vert realisert på Gaularfjellet.

Nasjonale Turistvegar sitt arkitekturråd gav i eit møte 24. januar 2014 fråsegn til arbeidsgruppa sine skisser til bygg. Her er eit utdrag av denne fråsegna: *«Bygget er nå enklere, mer kompakt og antakeligvis rimeligere enn tidligere forslag, og er vakkert i seg selv. Bygget har en generell utforming med store rom og vindusflater. Det er lagt vekt på en fleksibilitet for utstillingssonene, som i denne sammenhengen gjør at det er vanskelig å ta stilling til den arkitektoniske fortellingen om vassdrag fordi byggets innhold ikke kan leses av foreliggende materiale. Arkitekturrådet mener at det bør vurderes å lage et utstillingskonsept med moderne formidlingsteknologi som grunnlag for videre utforming av bygget. Til dette programmet bør det anvendes spesialister i utstillingsformidling.»*

I møte i Kvalitetsrådet for nasjonale turistvegar 12. juni 2013 slutta dei seg til ei tilråding som m.a. seier: «...dersom ein lokalt får til eit nasjonalt senter for verna vassdrag bør turistvegmidlane på inntil 3 mill.kr. kinne nyttast som eit eingongstilskot til eit slikt senter grunnlagt med servicetilbod og informasjon til dei vegfarande. For å sikra at anlegget får turistvegkvalitet vil det i tillegg vere aktuelt å gå inn med eit planbidrag. Framtidig drift og vedlikehald må vera senteret sitt ansvar...»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Som nemnt, har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) delteke i og støtta arbeidet vårt. Fylkesmannen er miljøfagleg rådgjevar til NVE i forvaltninga av dei verna vassdraga. I tillegg er Fylkesmannen både sektormyndigheit og miljøfagleg rådgjevar i vassregionarbeidet (der fylkeskommunen er regional vassregionmyndigheit). Fylkesmannen har elles m.a. ansvaret for forvaltninga av laks og sjøaure (Gaularvassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag) og er forvaltningsmyndigheit for dei verneområda som er verna etter naturmangfaldlova (tidlegare naturvernlova). Det bør avklarast om, og ev. korleis FMSF kan vere ein interessent i senteret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFF)

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore positiv til ideen om eit nasjonalt senter for verna vassdrag i mange år, og har støtta dette forprosjektet økonomisk. Fylkeskommunen, ved fylkesordføraren, har delteke i møte med sentrale myndigheiter saman med arbeidsgruppa for å presentere ideen.

Fylkeskommunen er peika ut som vassregionsmyndigheit for Vassregion Sogn og Fjordane og skal leie arbeidet med planprosessen. Hovudmålet er å sikre god miljøtilstand, tilnærma naturtilstand, i alt vatn, både vassdrag, kystvatn og grunnvatn. I dette arbeidet er det generelt eit behov for å komme ut med informasjon for å sikre oppslutnad om naudsynte tiltak. Det bør avklarast om, og ev. korleis senteret kan bidra, eller spele ei rolle i dette informasjonsarbeidet. SFF bør vere ein interessent med bakgrunn i dette, men bør også bidra i finansieringa av senteret som den utviklingsaktøren dei er innanfor nærings/reiselivsutvikling.

Gaular kommune

Gaular kommune er oppdragsgjevar for prosjektet. Kommunen har regulert tomt til føremålet og er opptekne av å bidra til å utvikle reiselivsnæring i området. Med ein av Norge sine 18 nasjonale turistvegar gjennom kommunen ynskjer Gaular kommune i større grad å bli eit reiselivsområde. Det er også stor og aukande interesse for å utvikle reiselivsnæring i kommunen. Gaular kommune vil bidra til finansiering av senteret.

Førde kommune og Balestrand kommune

Dette er dei to kommunane som saman med Gaular har ein del av Nasjonal Turistveg Gaularfjell innom sine grenser. Ei av to hovudgreiner for Gaulavassdraget ligg i Førde kommune. Dei to kommunane har til liks med Gaular ei interesse i å utvikle reiseliv langs strekninga, og bør delta i finansieringa av senteret.

Gaular, Førde og Balestrand kommunar var rekna som lokale partar i ei ev. utbygging av Gaularvassdraget. Etter at verneplanane vart vedtekne, tok kommunane imot kompensasjon for tapte inntekter frå ei kraftutbygging.

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)

Etter møte med HiSF melde dei tilbake m.a. dette: *«Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) kan ha nytte av eit senter som mål eller delmål for ekskursjonar med studentgrupper (aktuelle kurs kan vere innafor geofag, naturforvaltning, botanikk, økologi). HiSF kan bidra fagleg i utviklingar av utstillingar og aktivitetar. Dei fagtilsette ved HiSF har ikkje høve til å delta utan økonomisk kompensasjon. Studentar ved Avdeling for Ingeniør- og naturfag ved HiSF kan bidra med faglege innspel gjennom prosjektoppgåver innanfor ulike kurs eller som bacheloroppgåver og masteroppgåver.»* Det bør avklarast nærare med HiSF korleis eit samarbeid kan setjast i system.

United World College Røde Kors Nordisk, Fjaler (UWC)

Etter møte med UWC er det skrive ein intensjonsavtale med dei. Det er svært interessant å utvikle eit samarbeid mellom dei to partane. Avtalen ligg vedlagt forprosjektet. I denne heiter det m.a.: *«UWC har tre grunnpilarar i sitt arbeid: nordisk profil, miljø og humanitært engasjement. Dette betyr at dei ser svært positivt på ANS (arbeidsgruppa) sitt arbeid med å få bygd eit Nasjonalt senter for verna vassdrag. Vassdraget og senteret kan nyttast til undervisning og rekreasjon, og ev. til korttidsjobbar for studentar. UWC kan i prinsippet også vere ein av skiparane av eit Nasjonalt senter, sjølv om dette naturlegvis må formelt handsamast av begge partar på eit seinare tidspunkt.»* Og til slutt i avtalen: *«Dei to partane har ein intensjon om å utvikle eit samarbeid, samt å støtte kvarandre sitt arbeid. Ein konkret ide som har vore drøfta er å arrangere ei internasjonal vann-studie veke. Dette må i tilfelle finansierast særskilt og avtalast nærare.»*

Forum for Natur og Miljø Sogn og Fjordane

I møte med forumet kom det fram at dei helsar eit slikt senter velkommen. Dei arbeider med å få folk til å bruke naturen, og å formidle verdien av urørt natur.

Lokalsamfunnet

Grenda der det er regulert tomt til Nasjonalt senter for verna vassdrag, er ei aktiv grend. Her finn ein aktive grendalag, samt blømande verksemdar innan mellom anna reiseliv. Eldalstunet med husflid, historie og matsservering, Fosseheimen Naturpark, Hov Hyttegrend og Flatheim 4H-gard er nokre døme på det siste. Eitt av kriteria for utvikling av berekraftig reiseliv er at lokalsamfunnet har nytte av, og deltek i det som vert skapt. Det bør difor drøftast nøye med lokale interesser om og korleis senteret kan ha ein lokalhus-funksjon, om/kven som ev. skal vere med på eigarsida, og korleis lokalsamfunnet kan delta i drifta.

Fossestien

Fossestien er ein lokal attraksjon skapt av ei lokalinitiert arbeidsgruppe, «Foss i Foss». Gruppa var dei første som prøvde å omsetje verdien av det verna vassdraget til reiselivsutvikling, og her oppstod også ideen om eit Fossesenter. Fossestien er ein vandreveg

langs øvre del av Gaularvassdraget, 21 km lang, og passerer 14 fossar og 7 vatn. Eitt av tilkomstpunkta er via brua over Likholefossen. Brua er bygd av Nasjonal Turistveg og er ein stor attraksjon i seg sjølv. Arbeidsgruppa foreslår at Fossestien vert ein del av det nasjonale senteret, og at Fossestien, særskilt området ved senteret og brua, vert definert som ein del av utstillingsområdet. Arbeidsgruppa meiner at det ved utforming av utstillingane bør lagast eitt eller fleire punkt utandørs som inviterer til deltakande aktivitet.

7. Bygget

Vedlagt er skisse til bygg utarbeidd av arkitekt Arild Wåge, Nordplan, på oppdrag frå arbeidsgruppa.



Fugleperspektiv på anlegget.



Aksonometrisk perspektiv av bygget utan tak sett frå sørvest.

Bygningen er på om lag 690 kvm. pluss terrassar. Bygget kan delast inn i byggesteg. Planen er basert på ein serie lange veggar i landskapet under eit foldande tak. Kafé, toalett og garderobar er billettfrí sone. Toalett/garderobar kan vere opne og betene turfolk (til Fossestien m.m.), uavhengig av om Fossestien er oppe. Kafeen kan ha uteservering på terrassen. Ein når utstillingsrom/forelesingar/video etc. frå kafeen.

Bygget er utført i tre og har konstruksjon av massivtre med påhengt isolasjon. Utvendig er det gråa osp på vegg så vel som på tak. Innvendig er det kvitbeisa panel. Fasadane har store felt av glas som opnar senteret mot landskapet og lyset. Bygget fundamentarast på gråsteinsmurar. Murar og ospekledning blendar vakkert inn i terrenget.

8. Kostnader og finansiering*

(Tala er oppdatert mars 2018 – tekst frå des.2014)

Vedlagt er grovkalkyle for bygget utarbeidd av Nordplan. Det viser ein kostnad for bygget på 24,7 millionar. I tillegg vurderer vi at det er trong for ca. 2 millionar til naudsynt inventar.

Utstillingane reknar vi vil ha ein kostnad på 7 millionar. Kostnadane for utstillingane er basert på erfaringstal frå synfaringar og samtaler med andre senter. Dette gjeld m.a. Breheimsenteret i Jostedalen, Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet og Vitensenter Innland på Gjøvik.

Utstillingane i Breheimsenteret i Jostedalen kosta ca. 6 millionar, med om lag halvparten på dei interaktive installasjonane laga av det islandske firmaet Gagarin, og 3 millionar på resten, dvs. plakatar, roll-ups, bilete direkte på vegg, tablå osv.

Investeringskostnad og finansieringsplan:

	Kostnad	Finansiering
Investeringskostnadar bygg inkl uteområde	27 500 000	
Innventar og utstyr	2 200 000	
Investering utstilling	7 600 000	
Finansierast av:		
Statens Vegvesen Nasjonale Turistvegar, tilsagn		3 000 000
Gaular kommune		5 000 000
Førde kommune/Balestrand kommune		2 000 000
S og Fj. fylkeskommune/Vassregion S og Fj.		5 000 000
OED, MD og NVE		20 000 000
Private, andre		2 300 000
Sum investering/finansiering	37 300 000	37 300 000

Oppdatert 20.mars 2018(Oppjustert med 3 år auke i byggkostind, avrunda)

9. Drift*

(Tekst frå jan. 2015, tal revidert mar. 2018)

Arbeidsgruppa foreslår ein nøktern start for senteret med to årsverk, der det eine er ein heiltidstilsett dagleg leiar/formidlingsleiar. Det andre årsverket er for å halde gode opningstider sommarstid, samt andre funksjonar i senteret. For besøkstal viser vi til kap. 5.

Driftsbudsjett Fossesenteret – Nasjonalt senter for verna vassdrag

Driftsbudsjett Fossesenteret - Nasjonalt senter for verna vassdrag

	Tal	Pris	Inntekter	Utgifter
Driftskostnadar og inntekter				
Lønn og personalkost 2 årsverk			1 200 000	
FDV kostnadar(Forvaltning, drift, vedl)			380 000	
Marknadsføring			165 000	
Oppdatering endring utstillingar			220 000	
Andre driftsutgifter			110 000	
Billettinntekter, gjennomsnittpris	13000	60		750 000
Salsinntekter				785 000
Arrangement/utleige				55 000
Driftstilskot stat				435 000
Andre inntekter				50 000
Sum driftskostnadar og inntekter			2 075 000	2 075 000

*Revidert mars 2018(Oppjustert med kons.ind for 3 år, avrunda)

10. Organisasjon

Arbeidsgruppa har vurdert fleire måtar å organisere Fossesenteret på. Andre senter organiserer seg på ulike vis, men stort sett som stifting eller aksjeselskap (AS). Arbeidsgruppa meiner Fossesenteret bør organiserast som eit aksjeselskap. Dette er den selskapsforma som er best kjend for dei fleste. Vedtektene kan også formast slik at det er tydeleg at Fossesenteret har eit ideelt, og ikkje kommersielt, føremål.

Viksdalen 29. januar 2015,
Arbeidsgruppa for Nasjonalt senter for verna vassdrag

Per Magne Bell
Leiar

Nils Erling Yndesdal

Ottar Hov

Joar Aarnes

Bjørn Andresen

Tom Farsund
Prosjektleder

11. Vedlegg

- A. Teikningar av bygget, Arkitekt Arild Wåge, Nordplan
- B. Grovkalkyle bygget, Nordplan
- C. Skisser til utstillingsinnhald 2010, utstillingsarkitekt Pål Thomas Sundhell
- D. Mandat frå Gaular kommune
- E. Vedtak om stadval Gaular kommune
- F. Intensjonsavtale med UWC Røde Kors Nordisk